



Til lokallaga v/leiar

Vår sakshandsamar
Bergit Li
Tlf. 35 95 90 31

Vår dato
2009-09-25
Dykkar dato

Vår referanse 2009/00638/002
Arkiv: 021
Dykkar referanse

Informasjon til lokallaga

Medlemskontingent til Norges Bondelag

Vedlagt følger liste over medlemmer som tidlegare denne månaden mottok 3. purring på medlemskontingenten. Fint om de tek kontakt med dei som står på lista med oppmoding om å betale kontingenten. Dersom grunnlaget for utrekning av kontingenten er feil, ta kontakt med bondelagskontoret så skal me rette opp dette.

Me legg også ved ein oversikt over medlemsutviklinga frå 1.1.09. Skal me greie å behalde – og aller helst auke – medlemstalet, må det gjerast ein innsats i løpet av hausten!

Leiarmøte Telemark Bondelag 24. og 25. november

Leiarmøtet blir i år på Morgedal Hotell.

På møtet får vi besøk av den nye departementsråden i Landbruks- og matdepartementet, tinndølen Olav Ullern. Han blir med oss for å utveksle synspunkt på telemarkslandbruket og tenke høgt om framtida for næringa vår.

Frå Norges Bondelag møter nestleiar Brita Skallerud og organisasjonssjef Harald Velsand.

Det er viktig at det møter minst to representantar frå kvart lokallag, gjerne fleir! Program og meir opplysningar blir sendt lokallaga seinare, men noter dykk datoen alt nå!

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Landbrukets hus, Bøvegen 271, 3810 Gvarv.	Besøksadresse:	Telefon: 35 95 90 30	Telefaks: 35 95 90 39	E-postadresse telemark@bondelaget.no
Telemark Bondelag	Org.nr.: 987373024	Bankkonto: 2630.07.00526	Internet:	
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05. 91392		www.bondelaget.no/telemark

Høyring om avvikling av Sprengingssertifikat kl. C

Telemark Bondelag har skrive høyringsfråsegn til forslaget om å avvikle ordninga med C-sertifikat for bruk av sprengstoff, det såkalla "bondesertifikatet". Fleire lag har kome med ønske om at det framleis må vere ei slik sertifikatordning, og at ei avvikling vil bety meir kostnader og byråkrati for landbruket. Dessutan er dagens alternativ til sprengstoff ikkje gode nok.

Norges Bondelag vil ta opp saka vidare med Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB). Høyringsfråsegna frå Telemark Bondelag er lagt ut som nyheit på heimesida vår www.bondelaget.no/telemark datert 25. september

Korleis påverka lokal arealbruk – dagskurs Bø Hotell 28. jan. 2010

Det offentlege har ansvar og avgjerdsrett for mange fagfelt og område der disponering av areal er ein føresetnad. For grunneigarar og for tillitsvalde i det lokale Bondelaget er det viktig å kjenne til korleis desse planprosessane føregår. Skal ein ha høve til å påverke lokalt, må ei vere vaken og oppdatert tidleg i prosessane. Gjennom dette kurset ønskjer vi å gje deg fagleg ballast til å kunne vere ein aktiv aktør i drøftingar om korleis arealet i heimkommunen din skal disponerast.

Innleiing ved:

Sissel Fykse, advokatfullmektig i Norges Bondelag

Ole Nicolai Skulberg, førstekonsulent på Næringspolitisk avdeling i Norges Bondelag.

Nils Rønningen, tidlegare mangeårig organisasjonssjef i Oppland Bondelag. Lang erfaring i å handtere grunneigar spørsmål av ulik karakter.

Kurset er gratis til styremedlemmer/varamedlemmer i lokallaga.

Program for kurset blir sendt lokallaga seinare i haust.

Med helsing oss på Bondelagskontoret